

## UTTALE TIL REG. ENDRING - FOSSEMYRA IDRETTSANLEGG

Sak 69/2017

Saksnr. 16/1505

Viser til våre tidlegare merknader i saka. Vi som er næraste naboar til idrettsanlegget vil på det sterkaste protestere mot planane om fotballhallen slik dei no føreligg.

### Forslagstillar si utgreiing av ulike alternativ.

I vedtak 53/2017 frå 06.06.17 vedtok utval for drift og utvikling å be om at forslagstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngjeving for val av løysing kjem tydeleg fram.

Utgreiinga frå forslagstillar kom i eige notat som vart lagt fram for UDU. Her vart det skissert tre alternative plasseringar for hallen:

*Alt. 1: Hallen blir plassert i sørenden av området*

*Alt. 2: Hallen blir plassert i nordaustre hjørnet av området*

*Alt. 3: Hallen blir trekt vekk frå bustadane våre, og nærare Meland Aktiv*

Alternativ 1 og 2 vart av forslagstillar avvist med grunngjeving at det er vanskelege grunnforhold der. Det er likevel ikkje gjort berekningar, eller gitt noko estimat av kostnadane ved å betra grunnforholda. Som kjent er alternativ 2 vårt ønskte alternativ. Vi stiller oss undrande til kvifor det ikkje er sagt noko om kva det vil koste å utbetre grunnforholda. Då kommunen ihht. fvl. §17 har ei plikt til å utrede saka så godt som mogleg, bør det komme fram OM det er mogleg å utbetre grunnforholda, og i så fall: kva dette vil koste.

Når forslagstillar også avviser alternativ 3, skjer dette ikkje på bakgrunn av vanskelege grunnforhold eller økonomiske begrensningar. Grunngjevinga til forslagstillar for ikkje å ønska dette alternativet er:

*«Ulempa med å flytte hallen mot aust er at det vert lite eller ikkje noko tumble/vrimleareal framfor hallen. Det er heller ikkje ønskjeleg med for mykje «bortgjøymd» areal på vestsida av hallen».*

Vi naboar får vesentleg forringa kvalitet på eigedommane våre. I tillegg vil vi få direkte økonomisk tap i form av redusert salsverdi på eigedommane, og både forslagstillar og politikarane har erkjent at den foreslåtte plasseringa av hallen er til sjenanse for oss naboar. Det blir då overraskande for oss at ein ikkje eingong ønskjer å redusere dei negative konsekvensane vi får ved å flytte hallen lengre vekk frå oss.

At anlegget, som vil innhalde to 11-baner pluss ein hall på 50x80 meter, i tillegg skal ha behov for eit «tumbleareal» på vår bekostning framstår som direkte provoserande for oss. Det er derfor eit krav frå oss at hallen blir trekt minst 20 meter austover mot Meland Aktiv.

Nokre av oss naboar har fått innhenta ei juridisk vurdering av byggeplanane, og kommunen si sakshandsaming og det blir vurdert rettslege skritt dersom byggeplanane vert gjennomført som planlagt.

## PARKERING

Vi vil også trekke fram forholda rundt parkering ved anlegget. Når det er aktivitet ved begge banene i dag er det til tider store parkeringsproblem. Ofte parkerer folk langs Sagstadvegen, Torvvegen og Fosseskarvegen. Vi trur ikkje at dette blir betre ved at ein erstattar grusbana (ekstraparkeringa) med ein hall av denne storleiken.

14.09.17

Naboar i Tua

Stina Sherrock

L. E. E. E.

Geir Rødland

Karianne F. Rødland

Glenn-Roger Hovland

Therese Hovland

Hedge Tange

Elisabeth Valdersnes